

07.01.2010

Turngruppa inn i nytt år



I kveld er det nyårsstart for den driftige turngruppa og gymstick-partiet er først ut medan dei andre partia startar til veka.

Step startar måndag og dei andre fire partia onsdag: Det er senior, barn, idrettsskulen og aerobic.

Det møtte fram 8 til den første gymstick-samlinga og det var instruktør Janne Hjelmeland fornøgd med ettersom gjennomnitts-frammøtet var rundt 10 gjennom haustsemesteret. Då gymstick vart introdusert i Uskedalen for få år sidan var frammøtet langt større, men då var dette apparatet noko nytt og spanande,

Janne kunne no også ynskje tre nye velkomne - det var Silje Bråtun, Elisabeth Sæle og Solfrid Miljeteig. Dei står til venstre på biletet, medan dei andre er Ingrid Kroka, Vigdis Haugland, Anneliise Flodsand, Edith Haugland, Åse Rebaudo og instruktør Janne Hjelmeland, som står lengst til høgre.

Leiinga i gruppa minnar om at det manglar fast instruktør for barnetrimmen, elles er mannskapet på plass.

Ein finn klokkeslett her på sida under DET SKJER og FASTE ARRANGEMENT.

(Foto: Ola Matti Mathisen)